



# GRUSSPRUTEN

8. februar 2003

Nr. 1/2003



V  
I  
K  
E  
D  
A  
L

## Medlemsmøte laurdag 15. feb. kl. 11.00 hjå Neumann Bygg i Haugesund

Det første medlemsmøtet i år vert som i fjor i 2. etg. hjå Neumann Bygg på Bakarøya i Haugesund. Møtet startar kl. 11.00.

Saksliste :	- Opning og presentasjon	Steinar
	- Info. vedr. planar om nybygg	Styret
	- Kurs 2002	Tom Jøran
	- Dugnad/lokkemiddel til meir innsats	??/Steinar
	- Info. frå MC-gruppa	Jan
	- Info. frå bilgruppa	
	- Cupar i 2003	Johannes
	- Endringar i regelverket	Svein Erik
	- Trening, bil	Svein Bjarte
	- Treningsleir	Sivert Ole
	- Lokale kontaktpersonar	Johannes
	- Eventuelt	

Ta med alle motorsportsinteresserte du kjenner og kom. Alle er hjarteleg velkomne. Etter møtet er det sett av tid til uformelle diskusjoner og kaffi.

## E-post og SMS

NMK Vikedal har egne heimesider på internett under adressa <http://www.nmk-vikedal.net> og inneheld mange nyttige opplysningar som nyheter, aktivitetsplan, adresselister, påmeldingsskjema osv. For å kunne gi medlemmene enno betre informasjon, ynskjer vi å bruke e-post og SMS enno meir aktivt. I fjor gjekk ein del informasjon om treningar, dugnadar osv. via e-post og SMS. For at dette skal bli enno betre i år treng vi tilbakemelding om e-post adressa og mobil tlf.nr. til alle medlemmer.

Send e-post adressa di (helst ei du sjekkar minst 1 gong pr. veke) og mobil tlf.nr. til [nmkv@frisurf.no](mailto:nmkv@frisurf.no) (helst), eller ta kontakt med Steinar Høyvik, tlf. 90061073, eller Svein Erik Østbø, tlf. 908 95398. Hugs også å gi beskjed dersom du byttar adresse eller mob.tlf.nr.

NMK Vikedal  
Postboks 101  
5586 Vikedal

[www.nmk-vikedal.net](http://www.nmk-vikedal.net)



# Aktivitetsplan for sesongen 2003

Dato	Kl.	Aktivitet	Stad	Ansvarleg
Laurdag 15.02	11.00	Medlemsmøte	Neumann Bygg, Hgsd	Steinar Høyvik
Onsdag 19.03	19.00	Lisenskurs Bilcross jr. (teori)		Sivert Ole Holten
Laurdag 22.03?	??	Teknisk årskontroll	BTM og Suldal Billakkering	Johannes H. Leifsen
Onsdag 26.03	19.00	Lisenskurs H-løp (teori)		Sivert Ole Holten
Laurdag 29.03	09.00	Lisenskurs Bilcross jr. (praksis)	Vikedal Motorbane	Sivert Ole Holten
Laurdag 29.03	13.00	Lisenskurs H-løp (praksis)	Vikedal Motorbane	Sivert Ole Holten
Laurdag 05.04		Trening	Vikedal Motorbane	Svein Bjarte Holten
Onsdag 09.04		Trening	Vikedal Motorbane	Svein Bjarte Holten
Laurdag 12.04		Trening	Vikedal Motorbane	Svein Bjarte Holten
Laurdag 12.04		Bilcross	Eikås Motorsenter	KNA Bergen
		1. runde i Værsting Cup		
Søndag 13.04		Asfaltbaneløp	Klepp Karting	
		1. runde i Vestlandsmesterskapet		
Laurdag 26.04		Bakkeløp	Vikedal Motorbane	Kjell Johansen
		2. runde i Vestlandsmesterskapet		
Søndag 27.04	12.30	Bilcross jr./rallycrossløp	Vikedal Motorbane	Kjell Johansen
		3. runde i Vestlandsmesterskapet		
Søndag 04.05		Bakkeløp, bilcross/rallycross	Tengs Motorbane	NMK Egersund
		4. runde i Vestlandsmesterskapet		
Onsdag 07.05	17.00	Trening	Vikedal Motorbane	Svein Bjarte Holten
Laurdag 10.05		Klubbløp?/Trening	Vikedal Motorbane	Svein Bjarte Holten
Laurdag 24.05		Bakkeløp, bilcross?/rallycross	Eikås Motorsenter	NMK Bergen
		5. runde i Vestlandsmesterskapet		
Søndag 25.05		Bilcross?/rallycross	Eikås Motorsenter	NMK Bergen
		6. runde i Vestlandsmesterskapet		
Laurdag 31.05		Trening	Vikedal Motorbane	Svein Bjarte Holten
Laurdag 07.06	13.00	Bilcross/rallycross nasj.	Vikedal Motorbane	Kjell Johansen
Søndag 08.06	12.30	Bilcross/rallycross nasj.	Vikedal Motorbane	Kjell Johansen
		2. runde i Værsting Cup		
Onsdag 18.06	17.00	Trening	Vikedal Motorbane	Svein Bjarte Holten
Laurdag 21.06		Bilcross	Eikås Motorsenter	NAF Bergen
Søndag 22.06		Bilcross/rallycross nasj.	Tengs Motorbane	NMK Egersund
Laurdag 28.06		Motormarked	Vikedal Motorbane	Steinar Høyvik
Søndag 29.06	12.30	Mestermøte bilcross/rallycross (inviterte delt.)	Vikedal Motorbane	Bjarte Lygre
Laurdag 09.08		Bilcross	Eikås Motorsenter	NMK Bergen
		3. runde i Værsting Cup		
Søndag 17.08	12.30	Bilcross	Vikedal Motorbane	Kjell Johansen
		4. runde i Værsting Cup		
Laurdag 23.08		Landsfinalen i bilcross	Smådøla Motorsenter	NMK Nore & Uvdal
Laurdag 20.09	12.30	Bakkeløp	Vikedal Motorbane	Kjell Johansen
		7. runde i Vestlandsmesterskapet		
Søndag 21.09	12.30	Bilcross jr./rallycross	Vikedal Motorbane	Kjell Johansen
		8. runde i Vestlandsmesterskapet		
Søndag 12.10	12.30	Bilcross/rallycross nasj.	Vikedal Motorbane	Kjell Johansen
Laurdag 18.10		Bilcross/rallycross	Eikås Motorsenter	NMK Bergen
		9. runde i Vestlandsmesterskapet		

Det kan bli endringar i aktivitetsplanen. Desse vert då kunngjort på heimesidene våre på internett.

**Teknisk årskontroll for bil** er planlagt til 22. mars hjå BTM i Haugesund og Suldal Billakkering i Sandeid. Dette er førebels ikkje 100% sikkert, men nærmare info. blir sendt på e-post/SMS. Det er vedteke at kontrollen kostar kr. 100,- for kvar bil på denne dagen, medan det kostar kr. 300,- for evt. kontrollar andre stadar og tider.

## Motocross-aktivitetar

Som de ser er det ingen motocross-aktivitetar med i planen. Som tidlegare vil dei kjøra treningar kvar laurdag og etter behov på onsdagar. Dette vil vera faste dagar, men ein må diskutera litt med bilgruppa på tidspunkta.

I år håpar vi også å få til å arrangera eit løp, kanskje to. Dette er avhengig av at fleire engasjerer seg, slik at belastninga på dei ivrigaste ikkje vert for stor. Før dette er planen å byggja banen litt om fra der vi kryssar rallycross-traseen i dag fram mot start. Akkurat korleis dette blir er ikkje heilt klart enno. Vidare planlegg vi å lage ein knatte-crossbane på indre bane, slik at dei små får ein meir tilpassa bane til sine evner og behov, samstundes som dei større ikkje treng ta så mykje hensyn lenger i motocross-traseen.

Som det ser er det mange ting på gong, så det er berre å ta kontakt med motocross-gruppa v/Jan Hegerland dersom du lurar på noko. Tlf. nr. osv. finn du på neste side.

## Fakta og rykter om aktive og bilar før sesongstart

I løpet av seinhausten og vinteren har det skjedd ein del endringar blant bilar og førerarar. Vi har laga ein liten oversikt over det vi veit og det vi har høyrte rykter om, men vi kan ikkje garantera at dette stemmer 100%. Dersom nokon ser noko feil så kan de gi beskjed så skal vi retta det opp.

### Bilcross junior:

Naturleg nok vert alle eldre og nokre går over i seniorklassa. Men forhåpentlegvis kjem det nye til som ynskjer å kjøra bilcross.

Av dei nye kan vi nemne Aleksander Skeie, bror til Geir Harald, som kjem i ein Kadett GSI. Lik bil kjem Aleksander Stople i, også han frå Sandeid. I Tysvær er GIRL POWER under bygging. Det er Irene, dotter til Steinar Høyvik, som skal køyra denne Ford Sierra'en.

### Bilcross, herrer:

Øyvind Eikeland, som vann Værsting Cup i fjor, er kanskje litt lei av å operere som bilseljar. Han vurderer visstnok å gå over til rallycross nasjonal, og det har vore diskutert å kjøpa ei boble. Team Higre held fram som i fjor. I enkelte garasjar flyt det med doble forgassarar, men om dei verkar og kjem i drift er ei anna sak. Tom Jøran Johnsen held fram med Fiaten som gjekk betre og betre utpå hausten. Per Gaute Østbø, som vann siste løpet i fjor, fortset og i sin Skoda. Vi reknar og med at Joar Torsen dukkar opp her i VW Boble. Han har kjøpt seg hus på Bjoa med eige drivhus. Ryktene fortel at det veks fleire bobler enn tomater i drivhuset, så vi håpar at dei finn vegen til banen i Vikedal. Golf-ligaen i Sandeid, Vidar Miljeteig, Jarle Apeland og Ragnvald Bjelland, trur vi fortset med same bilane. Johannes Holten Leifsen har planar om ein 2,9 l. motor i sin Sierra, men om det blir tid til det innimellom skruing på andre sine bilar og styring av bilgruppa er uvisst.

### Rallycross nasjonal:

Reglementet opnar nå for å dela denne i 2 volumklassar, inntil og over 2400 ccm. Etter positivt og sterkt engasjement frå dei aktive vart reglementet for VM endra slik at klassa no vert delt. Fleire tilpassar seg no det nye reglementet og byggjer nye bilar og motorar. Blant dei som held seg under 2400 ccm er Rune og Sigmund Lutsi, som no skal køyra for NMK Vikedal. Rune har allereie sesongdebutert på isløp i Sigdal og vart nr. 2 der. Ernst Harald Holten Leifsen er snart klar med

ein 2.4 l. Ford Pinto-motor. Vidar A. Olsen byggjer ein BMW M3 som og truleg skal halda seg under 2.4 l. Escorten han køyrde i fjor er seld og kjem på banen igjen med ny førar. Ben Inge Hammer har finpusa på sin Mercedes 190E 2.3-16. Frode Fresvik fortset med VW Golf og Skjalg Lothe fortset med Nissan Silvia.

Klassen over 2400 vil nok bli dominert av Volvo-bilar. Familien Helland kjem med 3, far Ole Vidar i sin 440, mens sønnene Nils Arve og Håvard køyrer 240. Håvard kjøpte Joar sin 240 i fjor haust og skal altså køyra nasjonal med den. Terje Steinnes frå Sandeid var forfulgt av uhell igjen i fjor med sin 360. No byggjer han om til 240-bakaksling, men ellers same bilen. Så får vi håpa på litt meir medgong i år. Frode Johan Saltvedt fortset med sin Rover Vitesse på hobbybasis. Øyvind Tveit har selt sin BMW 325i og vore i Sverige og henta eit Volvo 240 karroseri. Kva tid motoren er på plass er litt uklart enno. Eit anna spennande prosjekt er Alf Magne Sørensen som byggjer BMW E36 med M5-motor.

### Rallycross supernasjonal i/2000 ccm:

Her blir det fortsatt Leif Roald Bjelland og Svein Bjarte Holten som deltar for oss. Fjoråret gjekk nok betre enn året før, men det er nok fortsatt ein del å gå på. Svein Bjarte held på med nokre ombyggingar på sin Focus, m.a. skal kjølinga betrast. Leif Roald har motoren til sin Escort til vanleg vintervedlikehald.

### Rallycross supernasjonal o/2000 ccm:

Terje Heggøy har hatt sin Volvo i småbitar, og den er i desse dagar til lakking. Han vert sannsynlegvis einaste i denne klassen frå NMK Vikedal.

### Andre rykter:

Ernst Roald Lutsi skal køyra ein Golf i nasj. inntil 2400 ccm, medan sonen Ørjan skal fortsetja med Boble i over 2400 ccm. I Bergen vurderer visstnok Lennart Vetås om han skal gå over i nasjonal med sin PV. Vi håpar dei andre aktive i supernasjonal fortset, ellers kan de bli litt tynne startfelt der. Så veldig mykje meir har vi ikkje frå den kanten, men vi håpar det kjem fleire bergenserar også i rallycross nasjonal. I Egersund satsar Eivind B. Nevland fortsatt friskt med sin Volvo 940. I år er skal det kjørast NM, VM og 5 løp i gjesteklasse på EM-rundar rundt om i Europa.



## Telefon-/adresseliste :

Namn	Priv. tlf.	Mob. tlf.	Tlf. jobb	Telefaks	E-post adresse
Leif Roald Bjelland	52761529	91534212	53775282		leif-roald.bjelland@olenbetong.no
Øyvind Eikeland	52765917				annekse@online.no
Jan Hegerland	53766059	90623509	53766050		jan@janshydraulikk.no
Svein Bjarte Holten	52760505	98283791	52767377	52767370	suldal.billakkerings@c2i.net
Sivert Ole Holten	52760499	90547433	52760429		sivert.ole@holtenmedia.no
Steinar Høyvik	52777138	90061073	52709400		higre@online.no
Kjell Johansen	52843270				kjetting@online.no
Tom Jøran Johnsen	52765476	90864727			tjj@westcon.no
Johannes H. Leifsen	52760335	98283794			johannes@holten-motorsport.no
Bjarte Lygre	52781121	93654103			bjalyg@online.no
Dag Lygre	52760337	90733431			dag.lygre@statoil.com
Norges Bilsportforbund	23054500			23054510	info@bilsport.no
Norsk Motor Klubb	32208595			32208590	post@nmk.no
Bryn Rønnevik	52760300	97706036			
Rita S. Skeie	52761230	92090480			
Geir Utaaker	52761961				
Svein Erik Østbø	52761325	90895398	52803316	52803088	svein-erik.ostbo@no.abb.com

